

Møte mellom gammalt og nytt sokneråd i Arnafjord sokn 24/10- 2019

Møte på skulen kl. 20.00

Tilstades: Else, Olav Martin, Kari, Ola, Elin, Endre og Camilla

12/19: Konstituering av nytt sokneråd

Leiar: Ola Engum

Nestleiar: Else Sætre

Kasserar: Kari B. Dale

Skrivar: Endre

Fellesråd: Endre

Det vart ikkje valgt diakonikontakt eller nokon til trusopplæringsutval. Dette blir valgt dersom dette blir aktuelt.

Elin som var skrivar og kasserar tidlegare gav informasjon vidare til dei som overtok desse verva. Dei overtok permar og papir og anna.

Camilla som tidlegare var leiar gav sine papir og info til ny leiar.

13/19: Ymse. Litt informasjon frå det gamle soknerådet og nokre tankar om arbeid vidare.

Uttak av ein benk i kyrkja.

Camilla har vore i kontakt med Ingvar om det er nødvendig å søkje om å få ta ut benken. Dette er ikkje nødvendig dersom me har ein plass å lagre den lokalt. Ingvar snakkar med Nils om oppbevaring. Plassen der benken stod blir brukt til bord ved kyrkjekaffi, rullestol og lause stolar når det er mykje folk i kyrkja.

Dåpskanna i kyrkja.

Dåpskanna har vore i Vik ei stund for pussing og er no flott pussa av Mykkeltvedten. Soknerådet betalar utgifta sjølv.

Arbeid framover.

Å få tekstlesarar til gudstenestene.

Jobbe med trusopplæringsarbeid lokalt for borna. Det er planlagt tårnagentar til våren. Det er viktig at borna får trusopplæring i si lokale kyrkje.

Me ynskjer det nye soknerådet lukke til vidare med det gode og viktige arbeidet!!

28/10- 2019

Camilla Z. Hove

referent